



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Ansvarlegheit og kanalisering hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Lotteritilsynets rapport , mars 2025

Innleiing og samandrag

Lotteritilsynets rapport er tilsynets svar på oppdraget i tildelingsbrevet til Kultur- og likestillingsdepartementet.

Lotteritilsynet har vurdert om einerettstilbydarane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto oppfyller kravet om å tilby ansvarleg pengespel. Lotteritilsynet har også vurdert kanaliseringsevna til einerettstilbydarane. Dette med bakgrunn i tilsendte tal og rapportar frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, eigne undersøkingar og observasjonar, og gjennomførte tilsyn med einerettstilbydarane og den ulovlege pengespelmarknaden.

Lotteritilsynet si vurdering er at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto oppfyller kravet om å tilby ansvarleg pengespel, og at dei har ei sterk kanaliseringsevne. Det er summen av tiltak einerettstilbydarane gjer, saman med regulatoriske tiltak mot ulovlege pengespel, som gjer at kanaliseringa er sterk.

Vi ser at kanaliseringa av spelarar til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er i ferd med å nærme seg ei grense der innsatsen for å få dei resterande spelarane til ein lovleg norsk marknad vil krevje heilt spesielle tiltak.

Ein av bieffektane av den gode kanaliseringa er at spelarane som kjem inn til Norsk Tipping, særleg dei unge spelarane, spelar pengespel som har høg risiko for å skape speleproblem. Dette uroar både Lotteritilsynet og Norsk Tipping. Dette krev, og vil krevje, at Norsk Tipping jobbar for at dei farlegaste spela ikkje skapar problem hos unge spelarar.

For at færre skal oppleve speleproblem tilrår vi at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto gjer følgjande:

- Styrke innsatsen retta mot langvarige raude spelarar.
- Kasinospela må bli mindre risikofylte og tilgjengelege.
- Pause- og utestengingsfunksjonen må bli meir synleg og tilgjengeleg.
- Unge under 25 år skal ikkje motta salsfremmande direktereklande.

I tillegg tilrår vi at einerettstilbydarane følgjer opp dei pågåande og planlagde tiltaka som dei omtaler i eigne ansvarlegheitsrapportar.

Tore Bell

Avdelingsdirektør Pengespel

Innhold

Ansvarlegheitsrapport.....	2
1. Utviklinga hos einerettstilbydarane i 2024	2
2. Rapportane til einerettstilbydarane om ansvarleg spel	6
3. Lotteritilsynets tilsynsarbeid i 2024	7
4. Dei unge sine spelevanar utfordrar einerettstilbydarane	9
5. Oppsummering og konklusjon ansvarlegheitsrapport	10
Kanaliseringsrapport.....	12
6. Kanalisering målt i antal spelarar	12
7. Kanalisering målt i omsetning.....	17
8. Marknadsandelar	19
9. Oppsummering og konklusjon kanaliseringsrapport	20

Ansvarlegheitsrapport

Lotteritilsynet skal vurdere om Norsk Tipping og Norsk Rikstoto oppfyller kravet om å tilby ansvarleg pengespel.

Vi ser på utvikling i marknaden og i dei ulike spelkategoriane opp mot verktøya Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har til å tilby ansvarleg spel og leie spelarane i ansvarleg retning – og om dei lukkast med det.

Vi vil også vurdere dei to einerettstilbydarane sine eigne rapportar om ansvarleg spel, gjennomgå tilsynsverksemda vår, og føreslå tiltak for å styrke innsatsen mot speleproblem.

1. Utviklinga hos einerettstilbydarane i 2024


Kundevekst

Både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har hatt kundevekst gjennom 2024. Norsk Tipping hadde ein vekst i registrerte spelarar på nesten åtte prosent. Dei to føregåande åra låg veksten på om lag to prosent i året. Norsk Tipping hadde til saman over 2,3 millionar kundar. Det er grunn til å tru at kundeveksten heng saman med at spelarar som tidlegare spelte på utanlandske nettsider, no spelar hos Norsk Tipping. Veksten er også størst innan sportsspel og kasinospel – spelkategoriane der konkurransen med utanlandske speltilbydarar er størst.

Norsk Rikstoto har også hatt kundevekst frå 2023 til 2024. Veksten var på fem prosent, og selskapet hadde tett på 175 000 aktive kundar i 2024.

Omsetningsauke

For Norsk Tipping har også omsetningsauken vore høg i 2024. For selskapet totalt var det ein auke på 10 prosent i netto spelinntekter. Det er langt over prisstiginga elles i samfunnet, og reflekterer den store kundeveksten. Norsk Rikstoto hadde ein liten vekst i netto spelinntekter i 2024. Figuren under viser utvikling i netto omsetning dei siste åra.



Som figuren viser er det ein auke år for år for Norsk Tipping sine spel, bortsett frå terminalspela. For terminalspela, som ein finn som Multix i kioskar og Belago i bingo hallar, er det ein nedgang i netto omsetning. Nedgangen her reflekterer færre utplasserte terminalar, særleg i kiosk- segmentet.

Utvikling risikospelarar Norsk Tipping

Det er avgjerande at einerettstilbydarane har gode system for å følgje med på spelinga til kundane sine, slik at dei kan gripe inn når spelarar viser teikn på uheldig speleåtfærd. I løpet av 2024 har Norsk Tipping teke i bruk eit eige utvikla system til å følgje med på speleaktivitet. Verktøyet, som erstattar Playscan, kategoriserer framleis spelarane i grøn, gul og raud kategori etter risiko for at spelarane kan ha problem med spel.

Selskapet har gitt det nye verktøyet namnet «Spillepuls», som omfattar både overvakingssystemet, og «spillepuls-meldingane» Norsk Tipping sender i sanntid til spelarane sine for å førebygge uheldig speleåtfærd. Spillepuls- indeksen til selskapet vil vise om spelarmassen samla sett bevegar seg i grøn eller raud retning – altså om kundane samla sett går i meir eller mindre ansvarleg retning. Gjennom 2024 viste den akkumulerte spillepuls- indeksen at Norsk Tipping sine spelarar totalt sett bevegde seg i grønare retning.

Også når ein samanliknar andel raude og gule spelarar innafor spelkategoriane i 2024 med året før ser biletet fint ut: Det er prosentvis færre raude spelarar for alle spelkategoriar samanlikna med tidlegare år. Men årsaka er ikkje meir ansvarleg speleåtfærd åleine.


Norsk Tipping justerer Spillepuls mot befolkningsundersøkingane som dei siste åra har blitt gjennomført av Universitetet i Bergen. Dette blir gjort for at Norsk Tipping ønsker å sjå bevegelsane i eigen spelarmasse som ein indikasjon på problemomfanget i Noreg. Det vart difor gjort ei justering frå januar 2024, etter at den siste befolkningsundersøkinga kom i mai 2023¹. Undersøkinga viser om lag halvering av problemomfanget samanlikna med målinga som kom i 2020. Den tilsynelatande store nedgangen i raude spelarar må difor sjåast i lys av justering mot befolkningsundersøkinga, og ikkje Norsk Tipping sitt arbeid for å førebygge speleproblem blant sine spelarar.

Lotteritilsynet legg til grunn at Norsk Tipping har hatt ekstra merksemd på spelarar som har endra status i Spillepuls som følge av justering av overvakingssystemet.

Sidan den markante nedgangen i gule og raude spelarar skuldast ei teknisk tilpassing, må vi sjå på andre indikatorar for å vurderer om Norsk Tipping har lukkast med arbeidet med ansvarleg spel i 2024. Viktige indikatorar kan vere kva spel som bli spelt, kor store tap ein har, kor ofte ein gjer innskot eller kor ofte ein endrar grensene sine.

Når vi ser på utviklinga i bruttoomsetning i diagrammet under, ser vi at instaspela og sportspela, kategoriane der vi i tal finn flest risikospelarar, har auka mykje. Særleg er auken høg innan Instaspill. Det har også vore ein stor auke spelarar innan desse kategoriane. Tal spelarar innan sport og kasino har auka med 27 prosent frå 2023 til 2024. Dette er spelkategoriane der det er sterkast konkurranse med utanlandske speltilbydarar – noko som tyder på sterk kanalisering.

¹ Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2022, Universitetet i Bergen, 2023. [Rapportar og publikasjonar - Lottstift](#)



Det kan indikere at Norsk Tipping har fått fleire spelarar som kan ha problem.

Men når det gjeld utvikling i snittap per kunde har utviklinga frå 2023 til 2024 vore god. Berre når det gjeld Eurojackpot og Nabolaget, har gjennomsnittleg tap per spelar auka. Det er isolert sett ikkje bra, men sidan det er grønne spel er det ikkje grunn til stor bekymring.

Når det gjeld dei mest risikofylte spela i Norsk Tipping si portefølje, har gjennomsnittleg tap for alle kategoriar gått ned samanlikna med 2024. For kasinospela, er nedgangen på 11 prosent (Frå 3825 kroner i månaden i 2023 til 3398 i 2024). Norsk Tipping opplyser at noko av nedgangen skuldast stor vekst i tal kundar til kasinospela. Det er likevel ei utvikling i rett retning når snittapa går ned.

Mange av desse spelarane vil ha spelevarar som gjer at dei treng tid til å tilpasse seg spel hos Norsk Tipping, og her må spelselskapet ha ein strategi for å ivareta desse. Norsk Tipping får truleg ei stor utfordring med å følge opp spelarane i desse kategoriane med omsyn til ansvarleg spel.

Utvikling risikospelarar Norsk Rikstoto

Andel spelarar med høg risiko for uheldig speleåttferd hos Norsk Rikstoto har variert mellom 0,31 og 0,8 prosent av spelarane gjennom 2024. Selskapet har ei målsetting om at segmentet for høg risiko skal ligge mellom 0,45 prosent og 0,9 prosent. Andelen risikospelarar har vore innanfor intervallet Norsk Rikstoto har sett opp.

Lotteritilsynet er ikkje uroa over nivået på risikospelarar, men det er ikkje ambisiøst nok å ha eit mål om at andel risikospelarar skal ligge i eit intervall, der det også er formulert ei nedre grense (0,45 prosent). Målet bør vere så få risikospelarar som mogleg.

Spelarar med medium risikoprofil har, hos Norsk Rikstoto, variert mellom 3,11 prosent og 6,86 prosent gjennom 2024. Norsk Rikstoto nyttar eit verktøy kalla Mentor til å overvake spelarmassen sin, eit system som er spesialtilpassa totalisatorspel og Norsk Rikstoto sin spelarar. Spelarane får meldingar basert på speleåttferd i Mentor som skal auke spelarane sin bevisstheit om eige spel. Norsk Rikstoto har teke grep som har ført til at spelarane faktisk les desse meldingane i langt større grad enn før. Selskapet har også gjort eit løft i tal proaktive telefonsamtaler til spelarar som viser teikn på uheldig speleåttferd, frå 117 samtaler i 2023 til 520 i 2024.

Som Norsk Tipping, har Norsk Rikstoto også nedgang i snittap for spelarane sine i 2024 samanlikna med 2023. Det er ein god indikasjon på at arbeidet med ansvarleg spel har ein effekt.

Hjelpelinjen for speleavhengige

På Hjelpelinjen blir kasinospel meir og meir dominerande når spelarane eller pårørande nemner hovudårsaka til eit speleproblem. I 2024 gjekk talet på førstegongssamtaler om pengespel noko ned, samstundes som tal samtaler om kasinospel auka. Om vi i tillegg ser på dei andre spela som er i konkurranse med den utanlandske spelselskap, oddsspela og poker, handlar svært mange om spel tilbydd av ein utanlandsk speltilbydar. 53 prosent var utelukkande om ein utanlandsk speltilbydar, medan ytterlegare 29 prosent handla om både Norsk Tipping og ein utanlandsk tilbydar. Til saman var ein utanlandsk tilbydar tema i 82 prosent av samtalene som gjeld denne typen spel.

Hovudproblem (eller det einaste)	2021	2022	2023	2024
Kasinospel (nett)	271	242	276	281
Poker	17	28	22	17
Odds	90	84	79	56
Tipping	0	10	5	0
Bingo	22	19	5	10
Databingo ²	4	11	16	
Norsk Tippings Belago	3	4	2	0
Totalisatorspel på hest	10	12	8	8
Norsk Tippings Multix	3	5	8	2
Lotto/VikingLotto/EuroJackpot/Extra/ Keno/Joker/Nabolaget/Skrapespel	14	9	4	3
Andre pengespel	3	6	3	14
Total	437	430	428	391

Når det gjeld Norsk Rikstoto, er det få samtaler på Hjelpelinja som gjeld hestespel.

² Bingo og Databingo er i 2024 slått saman til ein kategori.

2. Rapportane til einerettstilbydarane om ansvarleg spel

Norsk Tippings rapport

Norsk Tipping følgjer marknadsutviklinga tett og viser i rapporten til at den norske marknaden har utvikla seg til å bli meir regulert og velfungerande enn på mange år.

Norsk Tipping ser at marknadsposisjonen til utanlandske spelselskap utan løyve er betydeleg svekka, og at kanaliseringa og marknadsandelen til selskapet er betydeleg styrka. Dette betyr at fleire spelar i trygge rammer med betre førebyggjande og skadereduserande tiltak.

På tross av den positive utviklinga med kanalisering ser Norsk Tipping utfordringar, spesielt knytt til kasinospel. Dei fleste som kontaktar Hjelpelinja peikar framleis på kasinospel frå utanlandske spelselskap som hovudårsaka til problema. Norsk Tipping ser likevel utfordringar knytt til risiko- og problemspelarar på eigne kasinospel.

Målingar som Norsk Tipping har gjennomført i 2024 viser at andelen unge menn som spelar kasinospel hos dei er tre gonger høgare enn for befolkninga generelt. Norsk Tipping si måling av problemspel viser også ei bekymringsfull utvikling blant unge spelarar; ein av fem unge menn i alderen 18 til 25 år blir rekna som risiko- og problemspelarar.

Som årsak til denne utviklinga peikar Norsk Tipping særleg på følgjande forhold:

- Auka kanalisering som følgje av svekka marknadsposisjon hos dei utanlandske selskapa.
- Dyrtida og økonomiske bekymringar som styrker motivasjonen for å spele.
- Normalisering av kasinospel blant unge menn, mellom anna som følge av auka eksponering av denne typen spel gjennom gaming, skinbetting og streamarar som framstiller kasinospel som «kult».

For å møte utviklinga med fleire unge problemspelarar på kasinospel, har Norsk Tipping frå 1. februar 2025 innført følgjande totale tapsgrenser:

- 20-21 år: 3 000 kroner i månaden
- 22-24 år: 5 000 kroner i månaden

I tillegg kjem grensa som Norsk Tipping innførte i 2023 for spelarar mellom 18-19 år på 2 000 kroner per månad.

Andre tiltak Norsk Tipping har gjennomført i 2024 knytt til ansvarleg spel er mellom anna:

- Fleire proaktive samtaler.
- Implementert verktøyet Spillepuls som erstatning for Playscan, med forsterka analysemodell og kundekommunikasjon.
- Innført ein modul som varslar impulsive spelarar på Kongkasino om risikoen ved kasinospel.
- Redusert marknadsføringskostnadane.
- Auka uttaket av kommunikasjon om ansvarleg spel i samband med større sportshendingar.
- Drive førebyggjande informasjonsarbeid retta mot utsette grupper i idretten.
- Starta opp forskning knytt til Spillepuls og proaktive samtaler.

Framover vil Norsk Tipping jobbe for å dempe omfanget av kasinospel ytterlegare og styrke målretta tiltak mot yngre spelarar for å beskytte dei betre mot høgrisikospel og speleproblem. Dette vil Norsk Tipping mellom anna gjere ved å få fleire spelarar til å velje lågrisikospel, som lotterispel, framfor høgrisikospel som kasinospel, og pre-Oddsens framfor live-Oddsens³.

Norsk Rikstotos rapport

Norsk Rikstoto rapporterer at kanaliseringsevna til stiftelsen framleis er god, men at dei må følge nøye med på attraktivitet og marknadsandel. Dei framhevar at det å balansere ansvarlegheit og attraktivitet er krevjande. Dette som følgje av lågare omsetning og færre aktive kundar siste åra. Stiftelsen ser ei positiv utvikling i 2024 med fleire aktive og nye kundar samanlikna med det historisk låge nivået i 2023. Utfordringa er, slik stiftelsen ser det, låg kjennskap til at Norsk Rikstoto er einaste lovlege tilbydaren av pengespel på hest. Dette kan på sikt føre til lågare attraktivitet og kanaliseringsevne.

I 2024 har Norsk Rikstoto styrka ansvarlegheitsarbeidet, spesielt mot risikokundar. I arbeidet står proaktive samtaler sentralt for å førebygge problemspel. Dei har også etablert system for å måle resultatane av dei proaktive samtalane.

Norsk Rikstoto har utvikla ei rekke nøkkelindikatorar (KPIer) som gir innsikt i kundane sine spelevaner, og som gjer at stiftelsen kan målrette ansvarlegheitsarbeidet meir presist. Dei har hatt særleg fokus på kundar som vel å legge opparbeidde gevinstar til spelegrensene. I tillegg har dei forbetra eigen kommunikasjon om ansvarleg spel. Norsk Rikstoto har også redusert marknadsføringskostnadane.

Norsk Rikstotos ambisjon for ansvarleg spel i 2025 er å oppretthalde ein tett og grundig oppfølging av risikospelarar, særleg gjennom arbeidet med proaktive samtaler. Dei vil bruke analyse og innsikt frå data og nøkkelindikatorar til å finjustere førebyggjande tiltak, og sikre at dei kan gi målretta støtte til kundar som treng det. Norsk Rikstoto vil også styrke innsatsen og samarbeidet med forskingsmiljø og bruke eigne data for å utvikle meir effektive verktøy og strategiar for eit tryggare spelmiljø som vil redusere risikoen for problemspel ytterlegare.

3. Lotteritilsynets tilsynsarbeid i 2024

Lotteritilsynet arbeider for at færre skal oppleve speleproblem. Dette gjer vi ved å føre tilsyn med at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto tilbyr ansvarleg pengespel, og gjennom tilsyn med den ulovlege pengespelmarknaden.

Tilsyn med einerettstilbydarane

Einerettstilbydarane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er underlagt statleg styring og sterk offentleg kontroll. Lotteritilsynets kontroll med at einerettstilbydarane tilbyr ansvarleg pengespel skjer gjennom ulike tilsynsaktivitetar. Vi fører tilsyn med at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto etterlev dei krav pengespellova stiller. I tillegg gjennomfører vi faste rettleingsmøter der einerettstilbydarane blant anna informerer om status i arbeidet med å sikre ansvarleg spel og førebygge speleproblem.

Einerettstilbydarane rapporterer også jamleg på omsetningsutvikling, utviklinga av problemspel og status på tiltak som skal redusere speleproblem. Vidare rapporterer dei avvik til Lotteritilsynet. Dette gir saman med tips og meldingar frå publikum Lotteritilsynet eit godt grunnlag for tilsynsarbeidet.

³ I pre-oddsen leverer ein spel t.d. før ein fotballkamp, medan på live-Oddsens leverer ein spel under t.d. fotballkamp.

I 2024 har Lotteritilsynet gjennomført tilsyn med Norsk Tipping knytt til to enkeltstående hendinger vi vurderer som brot på krav om tiltak for å sikre ansvarleg pengespel:

- I mars 2024 fekk ein kunde hos Norsk Tipping ved ein feil utbetalt ein premie på 25 millionar kroner frå KongKasino. Feilutbetalinga inneber brot på den maksimale premiegrensa og kravet om at pengespela skal vere tilstrekkeleg sikra mot feil, og Lotteritilsynet har ilagt Norsk Tipping eit gebyr på 4,5 millionar kroner. Norsk Tipping har klaga vedtaket inn for Lotterinemnda som ikkje har handsama saka enno.
- I ein periode på meir enn fire månader frå januar til mai 2024 fekk kundar som spelar i app hos Norsk Tipping ikkje stenge seg ute frå spel. Feilen førte til ein markant nedgang i talet på utestengingar i perioden, og inneber brot på kravet om at spelarar skal kunne stenge seg ute frå spel der dei spelar. Lotteritilsynet har varsla Norsk Tipping om at vi vurderer å ilagge dei eit gebyr på inntil 36 millionar kroner.

Utover dette har Lotteritilsynet i 2024 kontrollert at Norsk Tipping har redusert marknadsføringskostnadane med minimum 20 prosent frå 2022 til 30. juni 2024, i tråd med vårt pålegg 30. juni 2023. Tilsvarande har vi kontrollert at Norsk Rikstoto har redusert marknadsføringskostnadane med minimum 5,2 prosent frå 2022 til 30. juni 2024, i tråd med stiftelsen sin tiltaksplan.

Med DNS-blokkering av nettstader som tilbyr pengespel retta mot den norske marknaden utan løyve, forventar Lotteritilsynet at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto reduserer si marknadsføring, og dette har vi rettleia einerettstilbydarane om.

Tilsyn med den ulovlege pengespelmarknaden

Regulatoriske tiltak mot ulovlege pengespel gjer at færre får speleproblem⁴ og styrkar Norsk Tipping og Norsk Rikstoto sine marknadsandelar. Lotteritilsynet har fleire tiltak retta mot den ulovlege marknaden som gir god effekt på ansvarleg pengespel og kanaliseringa. Dette er:

- Forbodet mot å tilby pengespel utan løyve.
- Betalingsformidlingsforbodet.
- DNS-blokkering av nettstader som tilbyr ulovlege pengespel.
- Marknadsføringsforbodet og TV-reklameforbodet.
- Dialog med mediehus og sosiale media som Facebook, Instagram, YouTube, Apple, Google og Twitch.
- Sanksjonar gjennom tvangsmulkt og lovbrotsgebyr.

I 2024 har Lotteritilsynet prioritert tilsyn med utanlandske selskap som tilbyr pengespel utan løyve, norske influensarar som marknadsfører slike spel, og tilsyn med bankane si etterleving av betalingsformidlingsforbodet. Lotteritilsynet har lansert eit eige merke «Tillatt i Norge» for å beskytte spelarar mot pengespel utan løyve, som lovlege speltilbydarar kan bruke. I tillegg har vi førebudd tilsyn med DNS-blokkering av nettstader som tilbyr pengespel retta mot den norske marknaden utan løyve.

Vi ser større effekt av våre tilsyn enn nokon gong. Dei største og mest kjente utanlandske speltilbydarane har langt på veg trekt seg ut av den norske marknaden. Betalingsformidlingsforbodet gjer at færre spelar pengespel som ikkje har løyve, og vi har stoppa fleire influensarar å marknadsføre

⁴ Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2022, Universitetet i Bergen, 2023. [Rapportar og publikasjonar - Lottstift](#)

ulovlege pengespel på strøymetenester og i sosiale medium. I tillegg aukar kunnskapen blant folk om kven som har lov og ikkje lov å tilby pengespel.

TV-reklameforbodet har no oppnådd full effekt. Så godt som alle TV-kanalar som sender frå utlandet har stansa reklamen for utanlandske speltilbydarar utan løyve. Dette har ein positiv verknad på kanaliseringa, særleg for nyrekruttering av spelarar.

Frå 1. januar 2025 kan Lotteritilsynet pålegge internettilbydarar å blokkere nettstader som tilbyr ulovlege pengespel. Lotteritilsynet har kontrollert over 100 nettstader og har varsla blokkering av 70. Dette omfattar også pengespelsider der ein kan gjere innsats med digital spelvaluta som skins. Frå vi starta tilsynet hausten 2024 ser vi at fleire har blokkert seg sjølv, eller gjort store endringar på nettstadane for å rette seg etter norsk lov. Dette viser at lovendringa har effekt før vi pålegg internettilbydarane å blokkere.

Lotteritilsynet vil prioritere tilsynet med DNS-blokkering høgt i 2025. Utanlandske selskap som ikkje trekker seg ut av den norske marknaden, risikerer å bli blokkerte, og Lotteritilsynet forventar at første vedtak om DNS-blokkering etter nytt regelverk blir gjort i løpet av mars 2025.

4. Dei unge sine spelevanar utfordrar einerettstilbydarane

Lotteritilsynet har over tid sett ei utvikling der grensa mellom pengespel og dataspel blir viska ut. Pengespel og pengespel-liknande element er i større grad blitt ein del av dataspel, og det har i fleire høve utvikla seg pengespel basert på innhaldet i dataspel. Døme på dette er lootboksar, kjøp-i-spel og «skinbetting». Dette gjer at forbrukarar, særleg barn og unge, blir utsett for, og spelar vekk, store summar på ulovlege pengespel og pengespel-liknande element i dataspel.

Norsk Tipping slår fast i sin ansvarlegheitsrapport at dei yngste spelarane som kjem til selskapet har spelevanar ein ikkje har sett tidlegare. Selskapet opplyser i rapporten sin at andelen nye kundar i alderen 18-19 år som spelar kasinospel som første spel har nesten dobla seg sidan 2022, og utgjer ca. 30 prosent av alle nye kundar totalt i denne aldersgruppa.

Endringa i spelemønsteret kan skuldast at barn og unge spelar dataspel frå ung alder, der dei venner seg til ei saumlaus integrering av dataspel og pengar i spel gjennom lootboksar og skins. I tillegg blir barn og unge eksponert for influensarar som normaliserer gambling gjennom reklame og streaming av spel på dei sosiale plattformene der dei er til stades. I tillegg ser vi og Norsk Tipping at det er større sosial aksept for å gamble blant unge gutar der dei samlar seg til dømes på fest for å spele. Dette er også ein trend ein ser i ei undersøking frå Spelinspektionen i Sverige⁵.

Endra spelevanar blant barn og unge gjer at einerettstilbydarane må tenke nytt rundt ansvarlegheit. Norsk Tipping har allereie gjort fleire tiltak for å hindre at unge får speleproblem ved å sette tapsgrenser spesielt for målgruppa, og at dei farlegaste spela har lågare tapsgrenser. Likevel må det gjerast meir sjølv om det ikkje finst ein enkel fasit. Eit nyleg oppretta samarbeid mellom Medietilsynet, Forbrukertilsynet og Lotteritilsynet har som mål å kome med mogelege tiltak som kan beskytte barn og unge betre.

⁵ Redovisning av uppdrag i Spelinspektionens regleringsbrev Fi2023/03130: Att kartlägga de bakomliggande faktorerna till att ungas spelande ökar och hur sådant spelande finansieras samt att följa utvecklingen av ungas spelande.

Utviklinga krev også at Norsk Tipping strekker seg langt for å ha eit ekstra fokus på dei yngste spelarane sine med høgrisikospelemønster. Norsk Tipping **må vurdere korleis dei kan gjere** kasinospela meir ansvarlege, korleis marknadsføringa til selskapet blir brukt opp mot målgruppa og kor lett tilgjengeleg spela er. Selskapet må følgje utviklinga tett og agere raskt viss ein ser uheldig speleutvikling.

5. Oppsummering og konklusjon ansvarlegheitsrapport

Året 2024 har vore eit år med mange endringar i pengespelmarknaden. Lotteritilsynet ser ein auka effekt av reguleringstiltaka som har som mål å stenge ute ulovlege spelselskap, og dette har styrka Norsk Tipping og Norsk Rikstoto si kanaliseringsevne. Samtidig gjer utviklinga det meir krevjande for einerettstilbydarane å balansere ansvarlegheit og attraktivitet.

Rapportane Lotteritilsynet har mottatt frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto viser at einerettstilbydarane har god kunnskap og innsikt om marknaden og om speleproblem, og at dei jobbar systematisk for å sikre at speltilbodet er ansvarleg og balansert. Rapportane viser også at dei er bevisst det ansvaret dei har som einerettstilbydarar, og at det er å tilby ansvarleg pengespel og **førebygge** speleproblem som er det primære formålet med verksemda.

Rapportane viser at begge einerettstilbydarane har solide rammeverk og ansvarlegheitsverktøy **på plass som førebygger** og beskyttar spelarar mot speleproblem. Fleire av tiltaka dei har sett i verk for å sikre ansvarleg pengespel går også lengre enn lovpålagte krav, og dette bidrar til å sikre eit høgt vern.

Siste år har Norsk Tipping og Norsk Rikstoto forsterka eksisterande tiltak og kartlagt kva eventuelle ytterlegare tiltak dei bør sette i verk for å redusere problemspel. Dette i tråd med Lotteritilsynets rapport til Kultur- og likestillingsdepartementet i 2024. I tillegg har dei sett i verk nye tiltak. Blant anna har Norsk Tipping innført nye tapsgrenser for unge spelarar, og Norsk Rikstoto har intensivert arbeidet med proaktive samtaler.

Vårt inntrykk er at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er godt rusta og at dei jobbar målretta for å **førebygge** og beskytte spelarar mot speleproblem, og at dei på denne måten oppfyller kravet om å tilby ansvarleg spel. Samtidig gir større effekt av myndighetstiltaka mot ulovlege pengespel og auka kanalisering forventningar om å sette i verk ytterlegare tiltak som **førebygger** og beskyttar mot speleproblem.

Ein av bieffektane av den gode kanaliseringa er at spelarane som kjem inn til Norsk Tipping, særleg dei unge spelarane, spelar pengespel som har høg risiko for å skape speleproblem. Dette uroar både Lotteritilsynet og Norsk Tipping. Dette krev, og vil krevje, at Norsk Tipping jobbar for at dei farlegaste spela ikkje skapar problem hos unge spelarar.

For at færre skal oppleve speleproblem tilrår vi at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto gjer følgjande:

- **Styrke innsatsen retta mot langvarige raude spelarar**

Talet på langvarige risiko- eller problemspelarar må ned. Med langvarige risiko- eller problemspelarar meiner vi spelarar som er raude i halvparten av årets 52 veker. Både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto rapporterer at dei har kundar som er langvarige risiko- og problemspelarar. Lotteritilsynet meiner at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto må gjere meir for å få desse spelarane til å spele meir ansvarleg, eller få dei til å slutte å spele heilt og **søke behandling**.

- **Kasinospela må bli mindre risikofylte og tilgjengelege (Norsk Tipping)**

Lotteritilsynet er spesielt uroa over den store veksten i unge mellom 18 og 25 år som spelar kasinospel hos Norsk Tipping og utviklinga av risiko- og problemspelarar i denne gruppa. I 2024 ser vi og at selskapet rekrutterer fleire yngre 18-åringar rett til kasinospela, og at dei har med seg spelevaner som er bekymringsfulle. Dette krev, og vil krevje, at Norsk Tipping rettar fokus særleg mot dei farlegaste spela dei tilbyr for å hindre at dei utviklar problem hos spelarane.

Vi meiner det er viktig at Norsk Tipping følgjer denne utviklinga tett framover og set i verk ytterlegare tiltak for å dempe omfanget av kasinospel for unge mellom 18 og 25 år. Dette kan mellom anna gjerast ved å tilby eigne kasinospel for den unge gruppa som er mindre farlege. Eit anna mogleg tiltak er å gjere kasinospela mindre tilgjengelege, f.eks. ved å flytte dei til ein eigen app. Dette vil også kunne bidra til å dempe omfanget av kasinospel for fleire.

I tillegg skal Norsk Tipping reagere raskt på unges spelemønster og ha låg terskel for å bruke proaktive samtaler til tidleg kontakt der unge sitt spelemønster er urovekkande.

- **Pause- og utestengingsfunksjonen må bli meir synleg og tilgjengeleg**

Det å kunne stenge seg ute eller ta pause frå spel er avgjerande for spelarar som vil beskytte seg sjølve. For pengespel på internett og spillterminalar som er underlagt krav om registrert spel skal moglegheita til å stenge seg ute og ta pause vere godt synleg i skjermbildet der du spelar. Lotteritilsynet oppmodar Norsk Tipping og Norsk Rikstoto om å sette i verk tiltak som gjer at både pause og- utestengingsfunksjonen blir meir synleg og tilgjengeleg for spelarane der dei spelar.

- **Unge under 25 år skal ikkje motta salsfremmande direktoreklame**

Direkte marknadsføring av pengespel er problematisk av fleire grunnar. Slik reklame er direkte retta mot spelarar og blir oppfatta som meir oppfordrande enn anna marknadsføring⁶. Interettstilbydarane har i dag innført tiltak som gjer at dei ikkje sender direktoreklame til gule og raude spelarar. Unge spelarar treng ekstra vern mot speleproblem og Lotteritilsynet meiner det er viktig at dei ikkje blir utsett for direkte pengespelreklame som oppfordrar til spel. Lotteritilsynet vil difor oppmode einerettstilbydarane om å slutte med salsfremmande direktoreklame til unge spelarar under 25 år.

I tillegg tilrår vi at einerettstilbydarane følgjer opp dei pågåande og planlagde tiltaka som dei omtaler i eigne ansvarlegheitsrapportar.

⁶ [Markedsføringens effekt på spilling av pengespill og pengespillproblemer - Rapport fra Rambøll februar 2018](#)

Kanaliseringsrapport

Lotteritilsynet skal vurdere korleis Norsk Tipping og Norsk Rikstoto klarer å kanalisere, eller hente inn, spelarar frå utanlandske spelselskap. Dette er selskap som verken har, eller kan få løyve til å tilby pengespel i Noreg, og der spelarar i Noreg likevel får spelt. Kanalisering er også når nye spelarar byrjar å spele hos einerettstilbydarane og vel å bli verande hos dei.

For å vurdere kanaliseringsevna brukar vi marknadsdata og tal både frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, resultat frå våre spørjeundersøkingar, estimat for omsetninga til utanlandske spelselskap i Noreg, og andre kjelder som kan seie noko om kanalisering.

Marknadsdelar vert målt med utgangspunkt i den totale spelemarknaden og den delen av spelporteføljen til Norsk Tipping som er i direkte konkurranse med dei utanlandske spelselskapa, samt hestespel hos Norsk Rikstoto.

6. Kanalisering målt i antal spelarar

Nøkkeltal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

	Norsk Tipping	Norsk Rikstoto
Tal registrerte spelarar – spelt siste år	2 334 573	174 595
Netto omsetning (GGR) ⁷	10 239 000 000	958 000 000
Tal nettspelarar – spelt siste år	2 043 000	160 000 ⁸
Siste tre månader (snitt)	1 737 000	
Netto omsetning over nett (GGR)	8 303 000 000	834 000 000 ⁹
Tal nettspelarar av spel i konkurranse	1 133 000	160 000
Siste tre månader (snitt)	781 000	
Netto omsetning i spel i konkurranse (GGR) – digitalt	3 133 000 000	834 000 000

Norsk Tipping


Norsk Tipping har vel 2 millionar spelarar som har spelt på nett minst éin gong i løpet av 2024. 1,1 millionar har spelt pengespel hos Norsk Tipping som er i direkte konkurranse med spela som blir tilbydde av utanlandske aktørar.

Netto omsetning for Norsk Tipping sine pengespel i direkte konkurranse med dei utanlandske utgjorde i overkant av 3,1 milliardar kroner i 2024. Dette er hovudsakeleg omsetning frå spel på Norsk Tipping sine internett- og mobilbaserte kasinospel, skrapespel, Yezz og bingospel (Instaspill), samt tipping og oddsspel (sportsspel). Kasinospela omset mest i kategorien Instaspill, med to tredjedelar av omsetninga. Det er likevel skrapespel som har flest spelarar.

⁷ Total innsats minus utbetalte gevinstar.

⁸ Anslag basert på rapporterte tal frå Rikstoto (nett og via e-kommisjonær).


⁹ Nettoomsetning på nett (GGR) er berekna med nettspel sin prosentdel av total bruttoomsetning. I 2024: 87%.



Norsk Tipping har også egne undersøkingar der det blir kartlagt kor mange som har spelt på utanlandske nettstader dei siste tre månadene. Selskapet si undersøking viser at 4,6 prosent har svart at dei har spelt hos utanlandske aktørar dei siste tre månadene, og 6,0 prosent i løpet av det siste året (8 774 spurde i 2024). NT vurderer kanaliseringa til å halde fram i 2024, men at den har avtatt noko i fart.

Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har omlag 160 000 spelarar som har spelt på nett i 2024. Hos Norsk Rikstoto har også talet nettspelarar auka sidan 2023, men omsetninga over nett har auka langt mindre. Norsk Rikstoto skriv i sin eigen kanaliseringsrapport at det er talet på lågfrekvente spelarar som aukar.



Lotteritilsynet sine målingar viser at blant dei som spelar på hest i Noreg opplyser 98 prosent både i 2023 og i 2024 at dei spelte hos Norsk Rikstoto siste gong dei spelte. Vi reknar ikkje med særleg direkte konkurranse mellom Norsk Rikstoto og dei utanlandske spelselskapa. Rikstoto rapporterer sjølv at evna til å kanalisere ser ut til å vere god og sterk.

Lotteritilsynet sine undersøkingar

Våre eigne undersøkingar gjennom Sentio Research AS¹⁰ gir oss indikasjonar på kor mange i Noreg som har spelt på nett hos norske og utanlandske spelttilbydarar, og kor mange som spelar Norsk Tipping sine spel som er i konkurranse med utanlandske spelselskap. Det er relativt få i Noreg som spelar på nett hos dei utanlandske spelselskapa, og difor er det ikkje så mange vi når gjennom undersøkingane. Undersøkingane gir likevel eit godt bilde på korleis spelarane fordeler seg på norske og utanlandske spelttilbydarar.

I 2023 vart datainnsamlinga noko endra frå å samle data gjennom telefonintervju til web-panel. Dette gjer at vi no får resultat som ligg over reelle tal¹¹.

Lotteritilsynet anslår at 2 510 000 personar spelar pengespel på nett og mobil av 18-åringar og eldre, enten hos norske eller utanlandske spelttilbydarar. Det utgjer 56,6 prosent av befolkninga i 2024¹².

I 2024 svarer 3,8 prosent at dei har spelt hos utanlandske tilbydarar¹³. Dette utgjer 169 000 spelarar. Tilsvarande målingar viser at 55,2 prosent spelar hos Norsk Tipping og 5,6 prosent spelar hos Norsk Rikstoto. I dei halvårlege målingane svarer 4,5 prosent at dei har spelt på utanlandske nettspel i 2024. Resultata indikerer ein reduksjon samanlikna med 2023 då prosentdelane var høvesvis 4,5 og 5,0 prosent. Vi reknar likevel med at desse tala viser ein for høg andel enn det som er reelt.

Ser vi på prosent i befolkninga som har spelt pengespel i direkte konkurranse med dei utanlandske spelselskapa på nett i 2024 fordeler dei seg slik¹⁴:

- 4,5 prosent hos utanlandske spelselskap
- 8,2 prosent hos Norsk Rikstoto
- 32,8 prosent hos Norsk Tipping

Kva nettspelarar har spelt dei siste tre månadene

Dei fleste som spelar på nett spelar som oftast talspel og ikkje spel som er i direkte konkurranse mellom dei norske og utanlandske spelttilbydarane, som sportsspel og kasinospel. For spel der Norsk Tipping er i direkte konkurranse, er det flest som spelar sportsspel og skrapespel.

¹⁰ Det blir gjennomført 4 000 intervju i eit utval av personar 18 år og eldre kvart kvartal. Kvart halvår blir 2 000 personar 15 år og eldre intervjuja.


¹¹ Målingane i 2024 viser at 55,2 % har spelt på nett hos Norsk Tipping siste året, eller 2 450 000 spelarar. Data frå Norsk Tipping viser reelt 2 040 000 spelarar. Estimatet for 2024 er 21% for høgt, i 2023 16 % for høgt, i 2022 var estimatet 29% for lågt. Berekninga for Norsk Rikstoto viser 55 % for mange nettspelarar i 2024, og 56 % for mange i 2023. Data i 2022 viste 26 % for få spelarar.

¹² Feilmargen på 56,6 % +/- 1,5 %. Feilmargen på 2,5 % +/- 0,5 %

¹³ Kvartalsvise målingar. I alt 4 000 spurde, 18 og eldre

¹⁴ Halvårlege målingar. I alt 2 033 spurde, 15 år og eldre.

Diagrammet under viser berekna andel av befolkninga som har spelt dei ulike spela på nett i løpet av dei siste tre månadene på undersøkingstidspunktet¹⁵.




Frå resultata bereknar vi kor mange personar dette vil utgjere basert på folketalet 18 år og eldre per 1. januar 2024, som var 4 437 000 personar.

Berekna tal som har spelt på nett/mobil dei siste 3 månadane i 2024		
Talspel	48 %	2 120 000
Hestespel	4 %	180 000
Poker	1 %	40 000
Sport- og oddsspel	11 %	470 000
Skrapespel	9 %	390 000
Kasinospel	3 %	140 000
Bingospel	1 %	50 000

Målingane viser som tidlegare omtalt ein større andel spelarar i befolkninga enn den som reelt sett tar del i nettspel.

¹⁵ Prosentane er berekna frå totalutvalet for undersøkingane, og ikkje i prosent av nettspelarar.

Kvar spelte nettspelarane sist?



I 2024 er det eit stort fleirtal som oppgir å ha spelt hos ein norsk speltilbydar siste gongen dei spelte spel på nett i konkurranse med utanlandske spelselskap. 10 prosent eller færre opplyser å ha spelt hos eit utanlandsk selskap siste gongen dei spelte. Norsk Tipping sine egne data viser også at marknadsdelen deira har auka år for år, og ligg i 2024 på 87 prosent for sportsspel og 63 prosent for kasinospel målt i kroner.

Andel som spelte hos eit utanlandsk selskap siste gongen dei spelte	2021	2022	2023	2024
Hestespel	10 %	1 %	2 %	2 %
Bingo	9 %	29 %	8 %	8 %
Skrapespel	14 %	9 %	5 %	3 %
Kasinospel	43 %	44 %	18 %	10 %
Liveodds	29 %	32 %	12 %	9 %
Tipping eller oddsspel	17 %	16 %	5 %	3 %

Fleire spelar hos einerettstilbydarane

Reelle tal frå Norsk Tipping viser at talet på nettspelarar har auka gjennom 2024. Tilsvarande viser tal frå Norsk Rikstoto også ein auke. Lotteritilsynet sine målingar indikerer at den prosentvise delen som spelar hos utanlandske spelselskap gjekk ned frå 2023 til 2024. Dette viser at spelarar blir kanalisert særleg til Norsk Tipping sitt tilbod. Utviklinga der langt fleire spelar hos Norsk Tipping enn hos dei utanlandske spelselskapa er ei utvikling vi har sett over fleire år.

For fjerde år på rad viser undersøkingane våre at for alle spelkategoriar som er i konkurranse seier flest at dei spelte hos ein norsk tilbydar siste gongen dei spelte. I alle kategoriar av spel er det også flest personar som seier dei har brukt mesteparten av pengane dei har satsa hos ein norsk tilbydar.

Betalingsformidlingsforbudet er truleg det tiltaket som til no har hatt størst effekt på kanaliseringa. Dette baserer vi på samtalar med spelarar, omtale i media og i ulike diskusjonsforum, samt uttaler frå bankar og dei utanlandske spelselskapa. Både betalingformidlarar og spelselskap har valt å gå ut av den norske marknaden som følgje av forbudet.

Fleire spelarar gir uttrykk overfor bankane sine at dei vil gå over til Norsk Tipping når dei blir klar over forbudet. Stadig fleire bankar jobbar aktivt med å handheve forbudet og kontaktar spelarar som har transaksjonar til utanlandske spelselskap.

At kunnskap om forbudet kan føre til færre spelarar hos dei utanlandske spelselskapa har vi også sett i spørjeundersøkingane våre.

7. Kanalisering målt i omsetning

Omsetninga i den norske pengespelmarknaden

Lotteritilsynet har fått tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. I den private marknaden er ein del av omsetninga foreløpig berre estimat.

Omsetning i millionar kroner	Brutto 2023	Netto 2023	Brutto 2024	Netto 2024	Endring i nettooms. (GGR)
Norsk Tipping (NT) Sportsspel	5 657	1 163	6 584	1 421	22 %
NT Instaspill	27 266	1 520	30 901	1 756	16 %
NT Multix	1 547	121	1 239	97	-20 %
NT Belago	2 099	141	1 932	127	-10 %
NT talspel og Flax på papir	12 823	6 325	13 804	6 837	8 %
Rikstoto	3 144	952	3 164	958	1 %
Privat marknad – foreløpige tal for 2024	6 509	1 664	6 313	1 655	-1 %
Totalt	59 044	11 887	63 939	12 852	8 %

Totalt har netto omsetning i den norske pengespelmarknaden for 2024 auka med 8 prosent samanlikna med året før, og er nær 12,9 milliardar kroner. Veksten er størst hos Norsk Tipping med totalt 10 prosent, medan veksten var på 1 prosent for Norsk Rikstoto. For sportsspela er auken på 22 prosent, og for Instaspill 16 prosent. Det er desse spela som er i konkurranse med dei utanlandske spelselskapa, og veksten her er nok ein indikasjon på større kanalisering. I kronebeløp er auken likevel størst for Norsk Tipping sine talspel.


Lotteritilsynets estimat for omsetninga i den utanlandske marknaden

Det er vanskeleg å berekne utanlandske spelselskap si omsetning i Noreg. Omsetning kan berre estimerast på bakgrunn av kjend informasjon frå marknaden og ikkje reelle omsetningstal.

Lotteritilsynet har berekna netto omsetning for utanlandske spelselskap i Noreg til å ligge mellom 1,1 og 1,5 milliard kroner i 2024, for enkelheitsskuld 1,3 milliard kroner. Netto omsetning, eller Gross Gambling Revenue (GGR), er her det som ligg att hos utanlandske spelselskapa når gevinstar er trekt ifrå.

Estimatet er berekna med utgangspunkt i følgjande:

- Omsetning hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto og data frå målingane til Sentio Research AS.
- Utsegn og rapporterte tal frå utanlandske spelselskap og våre erfaringar med regulatoriske tiltak.
- Pro-capita berekning der skattetal frå Sverige gjer det mogeleg å estimerer omsetninga i Norden utan Sverige.



I vårt estimat for omsetning for dei utanlandske spelselskapa i Noreg har vi berekna eit lågare beløp i 2024 samanlikna med 2023. Omsetningstala kan ikkje direkte samanliknast med tidlegare år fordi metoden for estimatet er endra i 2024.

I år har vi ikkje brukt H2GC i berekninga fordi dei ikkje har tatt opp effektane av betalingsformidlingsforbodet og TV-reklameforbodet i sitt estimat av omsetninga til utanlandske spelselskap i Noreg. Lotteritilsynet si erfaring er at innskjerpinga av betalingsformidlingsforbodet i 2019 og seinare forbodet mot TV-reklame frå utanlandske selskap, har påverka kanaliseringa positivt. Universitetet i Bergen

peika også i den siste befolkningsundersøkinga frå 2023 på desse to tiltaka blant årsaker til reduksjonen i talet på spelarar med problem i Noreg¹⁶.


Tal frå analyseselskapet H2GC, viser uansett ein sterk reduksjon i omsetninga til dei utanlandske spelselskapa i Noreg dei siste åra.

8. Marknadsandelar

Det er ei rekke forhold som har innverknad på korleis marknaden utviklar seg. Når einerettstilbydarane tilbyr sports-, kasino- og hestespel, blir marknadsandelen til dei utanlandske spelselskapa i Noreg redusert. Ansvarlegheitstiltaka som Norsk Tipping og Norsk Rikstoto brukar for å regulere spelninga påverkar omsetninga negativt. Regulatoriske tiltak retta mot den ulovlege marknaden bidrar til å redusere omsetninga til utanlandske spelselskap i Noreg og styrkar kanaliseringsevna til einerettstilbydarane.

Marknadsandelar i den totale spelmarknaden


Av den totale spelmarknaden i Noreg bereknar vi at utanlandske aktørar har ein marknadsandel på ca. 9 prosent (8 til 11 prosent).



¹⁶ Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2022, Universitetet i Bergen, 2023. [Rapportar og publikasjonar - Lottstift](#)

Marknadsandelar for spel i konkurranse

Dersom marknaden blir avgrensa til spel som er i konkurranse, og her sports-, kasino- og hestespel, bereknar vi marknaden til utanlandske spelselskap i Noreg til å utgjere om lag 25 prosent (22 til 28 prosent). Norsk Tipping sin marknadsdel er 59 prosent og Norsk Rikstoto sin del er 16 prosent. Totalt 75 prosent. Held vi omsetninga til Norsk Rikstoto utanom, er marknadsdelen til Norsk Tipping 73 prosent.



Både Lotteritilsynet sine tal og tala frå Norsk Tipping viser at meir og meir spel skjer hos einerettstilbydarane, og tilsvarande mindre spel skjer hos dei utanlandske spelselskapa.

Vårt estimat for dei utanlandske aktørane er noko høgt ettersom omsetning frå poker inngår i grunnlaget. Poker på nett blir ikkje tilbydd av norske aktørar.

9. Oppsummering og konklusjon kanaliseringsrapport

Vi vurderer at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har ei sterkare positiv kanalisering av spelarar frå den utanlandske marknaden år for år.

Evna til å kanalisere blir påverka av situasjonen i den totale pengespelmarknaden, myndighetene sitt regulatoriske arbeid, einerettstilbydaranes ansvarlegheitstiltak, og den samla innsatsen for å redusere utanlandske speltilbydarar sin tilgang til den norske marknaden.

Vi vurderer likevel Norsk Tipping og Norsk Rikstoto si kanaliseringsevne til å vere betre enn nokon gong ut frå følgjande utvikling:

- **Einerettstilbydarane aukar talet på spelarar:** Det er vel 2 millionar som spelar på nett hos Norsk Tipping minst éin gong i løpet av 2024. Tilsvarende tal for 2023 var 1,8 millionar spelarar. Norsk Rikstoto har også auka i talet på spelarar.
- **Einerettstilbydarane si omsetninga på spel i konkurranse med utanlandske spelselskap aukar:** Netto omsetninga aukar særleg i kategorien Instaspill hos Norsk Tipping. Omsetninga ligg på vel 3,1 milliardar kroner i 2024 og 2,6 milliardar i 2023. Norsk Rikstoto har også fått fleire nettspelarar det siste året, omsetninga er stabil.
- **Sentio-målingane:** Undersøkingane til Lotteritilsynet viser at positiv kanaliseringa held fram som tidlegare år.

Vi har dei siste åra hatt ein markant nedgang i talet på spelarar i Noreg som spelar hos utanlandske spelselskap.

- **Fleire spelarar spelte norske spel sist dei spelte:** For alle speltypene i direkte konkurranse (sportsspel, kasinospel, skrapespel, bingo og hestespel) har det i fleire år vore eit fleirtal av spelarane som oppgir å ha spelt hos eit lovleg norsk selskap siste gongen dei spelte slike spel. Dette resultatet er strykt i 2024.
- **Mest på norske spel:** Dei fleste oppgir også å ha satsa mest pengar hos dei norske aktørane i løpet av dei siste tre månadane.

Dei utanlandske aktørane sin marknadsandel minkar:

- Den totale pengespelmarknaden i Noreg (norske og utanlandske speltilbydarar) utgjer mellom 14,0 og 14,4 milliardar i 2024 i netto omsetning. For 2023 var talet mellom 13,5 og 14 milliardar kroner.
- Dei utanlandske spelselskapa har ein marknadsdel berekna til mellom 8 og 11 prosent i 2024, mot om lag 12 prosent i 2023.
- For spel i direkte konkurranse utgjer den norske marknaden mellom 5,1 og 5,5 milliardar i netto omsetning. I 2023 var talet mellom 4,9 og 5,3 milliardar.
- For spel i direkte konkurranse utgjer marknadsandelen til dei utanlandske spelselskapa mellom 22 og 28 prosent (1/4). I 2023 var andelen mellom 29 til 35 prosent (1/3).
- Dei utanlandske spelselskapa si netto omsetning i Noreg i 2024 er berekna til mellom 1,1 og 1,5 milliardar kroner, forenkla til 1,3 milliardar. I fjor vart det berekna til 1,6 milliardar kroner men som omtalt er ikkje desse tala direkte samanliknbare.

Etter Lotteritilsynets vurdering har einerettsaktørane ei sterk evne til å kanalisere spelarar til selskapet.



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no